



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 11.06.2019
Møtestad: Turbinen, Sosialrommet
Møtetid: 16:00 - 17:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Utvalsleiar
Sigmund Simmenes	SP	Nestleiar
Heidi Rongved	AP	Arbeidsgjevarrepr.
Anne Christin Eide	AP	Arbeidsgjevarrepr.
Bjørn Roald	H	Arbeidsgjevarrepr.
Kjartan Haugsnes	SV	Arbeidsgjevarrepr.
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Thor Andersen		Arbeidstakarrepr.
Appia Paul Mkoba		Arbeidstakarrepr.

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Arne Normann – permisjon frå kl 1620	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Arne Normann, KRF

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2019	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023 - TIL UTTALE
04/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR



01/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

Arne Normann fekk permisjon frå kl 1620

- Thor Andersen etterlyste vedtak om at administrasjonsutvalget skal publiserast på Innsyn. Dette blir tatt tak i og vert gjort frå no av.
- Heidi Rongved etterlyste sak om velferdspermisjonar.
- Thor Andersen har meld inn 2 saker frå Fagforbundet som ikkje er kome på sakslista. Rådmannen opplyste om at desse vert å ta opp i første møte til hausten i samband med revisjon av arbeidsgjevarpolitikken. Neste møte i ADMU vert den 26.08.2019 (i forlenginga av formannskapsmøtet same dag).

Samrøystes vedtak med innspela som kom fram i møtet.

ADM - sak 01/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent med innspela som kom fram i møtet.

02/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 02/2019 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



03/2019: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023 - TIL UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet gjev slik uttale:

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

Framlegg til uttale frå Eirik Haga:

Administrasjonsutvalet tek økonomiplanen til orientering. Administrasjonsutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med heiltidskultur, årsturnus og vikarordning samt utarbeiding av ny arbeidsgjevarpolitikk.

Røysting:

Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 03/2019 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tek økonomiplanen til orientering. Administrasjonsutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med heiltidskultur, årsturnus og vikarordning samt utarbeiding av ny arbeidsgjevarpolitikk.

04/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Administrasjonsutvalet 11.06.2019

Behandling:

2 saker var meldt inn av Fagforbundet. Administrasjonsutvalet vil få desse sakene opp til behandling i første møte til hausten i samband med revisjon av arbeidsgjevarpolitikken. Neste møte i ADMU vert den 26.08.2019 (i forlenginga av formannskapsmøtet same dag).

Thor Andersen og Lillian Seim gjorde greie for bakgrunnen for sakene.

ADM - sak 04/2019 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.
